

STATKRAFT ENERGI AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: 16.05.2019

Vår ref.: 200803812-40

Arkiv: 317 / 047

Dykkar dato:

Dykkar ref.: Reidar Birkeland/ Anders Martin Skaarer

Sakshandsamar:

Randi Holme

22959518/rho@nve.no

NVE har motteke bekymringsmelding om Austrepollelva - Mauranger kraftanlegg – Kvinnherad kommune

NVE har motteke ei bekymringsmelding frå Sverre Øvrehus om Austrepollelva Kvinnherad.

I meldinga er vi gjort merksam på at det har vakse opp ein del skog i Austrepollelva, og Øvrehus er bekymra for at det arbeidet som pågår ved Dam Svartedal kan føre til stor vassføring med fare for at skog i elva vert ført nedover elveløpet. Det er og opplyst at deler av plastringa i elva er borte.

Bakgunn

Konsesjon til regulering av Mauranger kraftanlegg vart gitt ved Kgl. res. datert 18. juli 1969. I gjeldande manøvreringsreglement datert 26.03.1982 post 3 er det sett følgjande vilkår: «*Det skal påses at flomløp og tappeløp ikke hindres av is eller lignende og at reguleringsanleggene til enhver tid er i god stand*».

NVE ber om følgjande dokumentasjon:

- Den delen av internkontrollsystemet som gjeld *kartlegging av farer og problemområder* for det aktuelle vassdraget, jamfør krava i internkontrollforskrift for vassdragsanlegg (Ik-vassdrag) § 5-6
- Tilhøyrande risikovurdering av reguleringa sin verknad for elveløpet
- Informasjon om kva tiltak som eventuelt er gjennomført eller planlagt med bakgrunn i kartlegginga/risikovurderinga
- Rutinar som er etablert for gjennomføring av tilsyn i det aktuelle vassdraget

I tillegg ber vi om informasjon om plastringa, som er omtalt i bekymringsmeldinga, er eit tiltak som Statkraft har utført i samband med reguleringa og soleis er ansvarleg for.

Orienteringa skal sendast til NVE innan 15.06.2019.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Anders Martin Skaarer
Statkraft Energi AS, Region Vest-Norge v/Birkeland Reidar
Sverre Øvrehus

From: knut-inge øvrehus <tut-inge@hotmail.com>
Sent: onsdag 8. mai 2019 10.35
To: NVE; busse.viken@outlook.com
Subject: Austrepollelva/ Kvinnherad Kommune/ Folgefonn

Hei.

I forbindelse med arbeid i Jukla kraftstasjon og reprasjon arbeid på Svartedalsdamen i tida framover.

Dette kan eller vil føre til overløp i Mysevatn. Det som eg vil gjera NVE oppmerksome på er tilstanden på Austrepollelva fra Mysevatn. Her er det vokst ein del skog i og ved elva, som kan eller vil sleppe ved stor vannføring. Det er og ein del av plastringa som er borte , som vil føre til graving. Har med dette gjort NVE oppmerksome på det som kan eller vil bli eit problem, og håper dere bringer det vidare til Statkraft. Slik at det blir tatt ei befarung av elva. Ønsker tilbakemelding på behandling.

For

Sverre Øvrehus eiger 57/4

Knut-Inge Øvrehus